

Klima- og miljødepartementet

Rauland Fjellstyre

Øyfjell, 14.05.2023

V/ sekr Rune Aarhus

rauland@fjellstyrene.no

Heimigardsvn, 92,

3890 Vinje

Innspel til tiltak og verkemidlar for å betre tilstanden til villrein i Noreg

Rauland Fjellstyre forvaltar Rauland Statsallmenning som ligg i Vinje kommune søraust på Hardangervidda. Rauland Fjellstyre ynskjer å fremje fylgjande punkt som innspel til arbeidet som er sett i gang:

- 1) Ei anna regulering av ferdsle på Hardangervidda enn i dag, både på motorisert ferdsel eller til fots. Då dette tydeleg framkjem som ei utfordring for villreinene per i dag.
- 2) I jakta no dei siste åra har ein nytta dyreposisjonar som er relativt ferske. Dette gjev høge jegerkonsentrasjonar i områda med mykje dyr. Som igjen er med på å stresse flokkane, dette er erfaringsbasert kjennskap som ein ikkje kan sjå bort frå.
- 3) I alle prosessar bør lokale grunneigarar og rettighetshavarar ha uttalerett, men ein bør også ta med lokale i arbeidsprosessane slik det blir gjort no. Dette er viktig for å få slikt arbeid lokalt forankra.
- 4) Utfordringane for villreinen synes ikkje å verte betra av Mattilsynet sin CWD bekjempelse. CWD er alvorleg og ein må sjølvsagt vere med på dugnaden for å innhente prøver. Men ein ser likevel uheldige konsekvensar for villreinen med ein del av tiltaka Mattilsynet har innført. Slik som å ta ut all storbukk, då det er den som grev opp maten for fostringsflokkane vinterstid. Dette er med på å svekke flokkane.
- 5) Rauland Fjellstyre meiner ordinær jakt er den beste formen for tiltak mot CWD som me veit så langt. Likevel, så fort det let seg gjere ut ifrå CWD perspektivet bør fredning av villreinen på Hardangervidda koma på bordet. Flokken bør aukast monaleg, det vil og bidra til at ein får fleire småflokkar som trekkjer ut mot randsonene og ein får meir spreiddt bruk av vidda.

Rauland Fjellstyre v/ sekretær Rune Aarhus